



Til veke skal formannskapet handsama ei innstilling frå rådmannen om at kommunen skal garantera for eit nytt refinansieringslån på 1.253.184 kroner til Ukedalen Aktivitetshus AS.

Det er teke opp i Sparebank 1 Kvinnherad og skal gå til innfriing (refinansiering) og samanslåing av tre eksisterande lån.

Vedtaket blir gjort under føresetnad av at fylkesmannen seier ja til det.

To tidlegare garantiar - for 400.000 i 2006 og 300.000 i 2008 - blir med dette sletta. I realiteten vil dette innebera ei utviding av kommunal garanti frå 666.021 kroner i dag til 1.253.184 kroner.

Lånet vil bli refinansiert over ein periode på 25 år og utan avdragsbetaling i tre år. Styret for Aktivitetshuset skriv i søknaden at dette vil hjelpa på den daglege drifta og og styret er overbevist om at ein då vil kunne driva huset vidare som eit AS.

Rådmannen skriv i saka at kommunen over år har garantert for private lån i tilknytning til investeringar innan kultur og idrett, men ikkje opplevd at det har vorte aktuelt med innløyising av nokre av desse garantiane.

Rådmannen peikar samstundes på at rekneskapan for kommunen for i fjor vil gje eit såpass stort negativt resultat at det ikkje vil vera forsvarleg å leggja opp til dekking av underskotet på kortare tid enn to år - 2009 og 2010.

Dekking av underskot over fleire år må godkjennast av fylkesmannen.

Av Ola Matti Mathisen